

:

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet,
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Informasjon om pågåande arbeid med salskanalar

Bakgrunn

I RS 37/2020 (Fylkesutvalet 30.04.2020) informerte administrasjonen om pågåande arbeid med salskanalane, både kva arbeid som er i gang i Hordaland, og kva for planar ein har i Sogn og Fjordane. I denne saka vert det gjort greie for status og kvar ein er no, og korleis planane ser ut frametter.

Ny salsløyising om bord på bussane

Som orientert om tidlegare, er ein no i utrullingsfasa av ny billetteringsløyising om bord på bussane i Hordaland. Først ute er oppstarten av den nye kontrakten i Bergen Nord, 01. oktober. Her er arbeidet godt i gang, og sjåførane har sidan starten av august teke i bruk det nye utstyret og det nye systemet i opplæringa. Tilbakemeldingane herifrå er svært gode. For kundane vert den store endringa at ein ikkje lengre kan kjøpa periodebillettar om bord, og at ein ikkje lengre kan betala med reise pengar. På grunn av koronasituasjonen, er dette ikkje nytt for kundane, snarare har dette vore situasjonen sidan midten av mars. Enno er det uklårt når bussane kjem til å køyre med open framdør, og kva tid kontantbetaling vert mogleg. Betaling med bankkort vart først vedteke 18. juni, og her er det avtalar som lyt på plass før ein kan taka i bruk bankterminalar. Dette arbeidet er starta opp, og kjem til å halde fram ei tid. Førebels tydar signala på at bankkort først vert tilgjengeleg i dei fyste kontraktane (Bergen Nord og Bergen Sentrum) vinteren 2020/2021. Utrullinga av bankkort følgjer det nye systemet, slik at den førebelse planen tilseier at dei siste kontraktsområda er ferdig rulla ut tidleg i andre kvartal 2021. Når det gjeld nettbrett som sjåfør skal nytta og anna utstyr har ein ikkje større forseinkingar, og er i rute med utrulling. Tidleg i vår gjorde ein risikoanalysar knytt til logistikk og forsyningar, og sikra seg tilgang på naudsynt utstyr.

Skyss følgjer koronasituasjonen nøye, og gjer naudsynte endringar i planane undervegs. Smittevern påverkar mellom anna opplæring av sjåførar, då ein lyt ha mindre grupper og anna smittevernstiltak. Førebels ser dette ikkje ut til å påverka framdrifta, og planen er no at tre av dei store bykontraktane skal vera rulla ut i løpet av 2020. Dersom arbeidet med oppstart av dei nye kontraktane tillèt det, vil ein og freista å rulla ut utstyret i ein distriktskontrakt før nyttår. Resterande kontraktar i Hordaland, samt båtane, vert rulla ut i byrjinga av 2021. Kva tid Sogn og Fjordane står for tur avheng av framdrifta på arbeidet med utvida takst- og sonemodell for buss for heile Vestland fylke.

Sjølvetjeningsløysing

Ein del av strategien er å flytta dei store kontanttransaksjonane over i sjølvetente kanalar. Dette gjer ein av omsyn til tida det tek på haldeplassen, at transaksjonane er dyrare om bord enn i andre kanalar, og av omsyn til sikkerheita til sjåførane. Eit ledd i dette arbeidet, er ein ny kanal som lanserast til hausten. Skyss har her eit samarbeide med Entur, og held på å utvikle ei nettbasert løysing for sal av billetter. Denne nasjonale løysinga vert sentral i takstsamarbeidet med Vy tog når det startar ny kontrakt på Bergensbana 13. desember. Løysinga gjer at Vy tog sine billettørar kan selje, og kontrollera Skyss sine billetter, og omvendt. Dette vert kalla interoperabilitet, og gjer takstsamarbeid mogleg på tvers av ulike system, utan at dei må integrerast. For dei som ikkje kan eller vil nytta appen, vert nettbutikken eit godt alternativ når det gjeld kjøp av periodebilletter. Løysinga er òg framtidsretta, og ein kanal ein kan vidareutvikla i åra som kjem.

Tidlegare var planen å ha løysinga klar til lansering i oktober når ein starta utrullinga av det nye systemet på bussane i Hordaland, men løysinga er noko forseinka. Ein er likevel godt i rute med tanke på oppstart av takstsamarbeidet med Vy tog i desember.

Ny haldeplassløysing

Skyss har sidan april 2020 arbeidd med konseptutgreiing, og dette arbeidet vert presentert i ei eiga sak.

Oppsummering

Til tross for ei krevjande tid, som har gjort det ekstra utfordrande å samarbeida både internt, med leverandørar og operatørar, har arbeidet med salskanalane stort sett gått etter planen. Lanseringa 01. oktober vert sjølvsagt noko annleis enn ein hadde sett føre seg tidlegare, då det i praksis ikkje vert nokon forskjell for korkje sjåfør eller reisande grunna stengde framdører og ingen kontanthandtering. Jamvel om situasjonen er annleis, er administrasjonen framleis sikker på at ein har fått til ei god, og framtidsretta løysing for salskanalane. Mobil-appen har allereie vorte ein suksess, med om lag 80 % av omsetnaden til Skyss. No byggjer ein sjåfør-appen på same plattform, og får ein meir framtidsretta og fleksibel løysing, både når det gjeld software men og hardware. Nettbutikken er noko forseinka, men også her vert det eit godt alternativ, og ei plattform som fleire tenester kan byggjast på. Ny løysing på haldeplassane langs Bybanetraseen og på større terminalar i Hordaland er i startgropa, men det er gjort eit solid stykkje arbeid, og løysinga passar inn i den heilskaplege planen for arbeidet med salskanalane. Det vil vere orientering om saka i Fylkeseldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.